



Arkivsaksnr.:

2022/8490

Dokumentdato:

07.06.2022

Styre:

Universitetsstyret

Styresak:

64/22

Møtedato:

16.06.2022

Framlegg til resultatmål for 2023

Tilvising til bakgrunnsdokument

- Styresak 111/21 [Universitetsdirektøren si resultatoppnåing 2022](#)
- Styresak 7/22 [Tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet](#)

Bakgrunn

Stillinga som universitetsdirektør er omfatta av leiarlønsordninga til staten med ein kontrakt som tek føre seg krav og resultat for stillinga tolv månader fram i tid. Kunnskapsdepartementet har med unnatak av fastsetjing og endring av løn delegert oppfølginga til Universitetsstyret. Leiarlønsordninga er utvikla for å stimulere til betre måloppnåing og resultat, til auka gjennomføringskraft og til god leiing. Universitetsdirektøren sitt ansvar og mynde er gitt av Universitets- og høgskolelova og i institusjonen si regelsamling. Universitetsdirektøren er den øvste leiaren for den administrative verksemda ved universitetet innafor dei rammene som styret har sett. Direktøren er sekretær for styret, har ansvar for å setje i verk vedtak og for disponering av ressursar og eigedom i samsvar med vedtak fatta i styret. Universitetsdirektøren er vidare ansvarleg for samla økonomiforvaltning ved universitetet.

Universitetsstyret vedtok i sak 111/21 resultatmåla for 2022. Styret ba samstundes om å få forslag til resultatmål for 2023 lagt føre seg i to omgangar som éi diskusjonssak i siste møtet i vårsemesteret og éi vedtakssak i september. Det er gjennomført leiarsamtaler mellom rektor og universitetsdirektør i samband med forslag til nye resultatmåla. Rektor vil følgje opp med nye samtaler etter styrets gjennomgang av dei føreslegne resultatmåla. Då vil også resultatmåla for 2022 bli gjennomgatte. Denne saka omhandlar forslag til resultatmål for 2023. Vurdering av resultatmåla for 2022 og endeleg vedtak av resultatmåla for 2023 kjem i septembermøtet.

Framlegg til resultatmål for 2023

Heilskapleg og framtidsretta administrasjon som støtter kjerneverksemda. I 2023 skal universitetsdirektøren:

Utarbeide modellar for berekraftige langtidsbudsjett

Tydleggjere administrasjonen si rolle som støttefunksjon i realiseringa av UiB sin nye strategi

Arbeide vidare med samhandling og arbeidsdeling på tvers av administrative nivå

Halde fram å arbeide med forenkling og fjerning av unødvendige rutinar og prosessar

Støtte til forskning, utdanning, formidling og innovasjon. I 2023 skal universitetsdirektøren

Følgje opp arbeidet med å utvikle betre rammer for forskning og vidareutvikle arbeidet med UiB Fram

Vidareutvikle heilskaplege tenester og støttefunksjonar for forskning og utdanning

Legge til rette for styrket informasjon og støtte til institusjonens arbeidet med forskningsetikk

Arbeide systematisk med rekruttering av studentar også for å sørge for større mangfold

Kommunikasjon. I 2023 skal universitetsdirektøren

Vidareutvikle støttefunksjonar og infrastruktur for god kommunikasjon internt og eksternt gjennom realisering av ny eksterntweb og arbeid med intranettløyisingar

Personalpolitikk. I 2023 skal universitetsdirektøren

Revidere UiBs personalpolitikk med utgangspunkt i ny strategi

Justere universitetet sin lønspolitikk i lys av nye hovudtariffavtalar

Gjennomgå universitetet si oppfølging i krevjande personalsaker

Digitalisering. I 2023 skal universitetsdirektøren

Etablere tydlegare styringsmodell for gjennomføring av digitale prosjekt

Etablere ordningar for digital kompetanseutvikling for tilsette

Førebu organisasjonen på innføring av nytt saksbehandling- og arkivsystem og sikre god brukarinvolvering i mottaksarbeidet

Lage retningsliner for arbeid med universell utforming

Sikkerheit og beredskap. I 2023 skal universitetsdirektøren

Følgje opp internrevisjonen for informasjonssikkerheit

Utvikle heilskapleg styringssystem for sikkerheit i tråd med ny sikkerheitslovgjeving (inkl eksportkontroll)

Revidere UiBs planverk på området

Bygg og eigedomsutvikling. I 2023 skal universitetsdirektøren

Arbeide med finansiering av rehabilitering og utbyggingsplanar

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret viser til diskusjonane i saka og ber om at innspela vert innarbeidde i dei endelege resultatmåla for 2023

Margareth Hagen
rektor

07.06.2022/Sonja Irene Dyrkorn